

## Rutine for undersøking i saker som omhandlar trygt og godt skolemiljø Bore skule

### Å undersøke er ein av dei 5 delpliktene.

Viss vaksne på Bore skule får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal ein undersøkje saka straks. Saka skal undersøkjast så raskt som mogleg, og høg alvorsgrad skal prioriterast før anna arbeid. Rektor delegerer undersøking til kontaktlærar, sosial pedagogisk team og avdelingsleiar. Ut frå saka blir det avgjort kva type undersøkingar som er aktuelle å gjennomføre, og kven som skal gjer kva.

Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven har blitt krenkja. Eleven har rett, men ikkje plikt, til å uttale seg og til å medverke i saksgang. Dei som har fått i oppgåve å undersøke skal sikre at involverte elevar blir høyrd.

Skulen må ta i bruk ulike og varierte måtar å undersøke på.

#### Undersøkinga skal få fram:

- Eleven si subjektive oppleving av skolemiljøet
- Fakta om situasjonen; avdekke kva som har skjedd, kven er involvert, kor har det skjedd, kva tid skjer det (digitalt, direkte, skjult)
- Forhold i skolemiljøet

På bakgrunn av undersøkingane skal ein sette i verk effektive tiltak. Det er nødvendig å analysere resultata av undersøkingane. Alle undersøkingar skal skriftleggjerast og arkiverast i saka.

#### På Bore skule undersøkjer me slik:

- Kontaktlærar saman med sosial- pedagogisk team eller avdelingsleiar inviterer inn til samtale som første aktive undersøking, for å kartlegge eleven si oppleving av skolemiljøet og kva som har skjedd.
- Dersom det kjem fram at eleven ikkje opplever å ha trygt og godt skolemiljø vil ein undersøkje breiare, for å sikre at ein treff med effektive tiltak i aktivitetsplan. Vidare undersøkingar som kan vera aktuelle å sette i verk er:
  - Observasjonar
  - Elevamtalar
  - Samtale med foreldre
  - Klassetrivsel
  - Breiare undersøking som t.d. Innblikk ved blant anna skjult mobbing og utestenging.
- Om det kjem fram gjennom ulike undersøkingar at eleven ikkje har det trygt og godt grunna andre elevar, snakkar kontaktlærar og/ eller sosial pedagogisk tilsett med utøvar(ar) av krenkande åtferd. Dette blir følgt opp med telefon heim til eleven sine foreldre. Sosial pedagogisk team eller avdelingsleiar kan hjelpe i vanskelege samtalar/ saker.
- Notat frå samtalar blir arkivert i Visma sikker sak.

